

Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8103 - 23/14998

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
23.02.2023

## Klage på vedtak om produksjons - og avløysartilskot 2022 - Gbnr 243/1 Vassel

Sjå vedlagd klage på vedtak om produksjons- og avløysartilskot 2022 frå Helge Vatshelle. Org nr 970393900. Klagen er mottatt tysdag 21 februar og er innan klagefristen.

### Om saka:

Ved sakshandsaming av søknaden til føretaket viste den maskinelle kontrollen mot husdyrregisteret at det var søkt om ei mjølkeku av rasen norsk rødt fe som ikkje hadde kalva siste 15 mnd. Føretaket vart difor trekt ut til kontroll for å få bekrefta den faktiske situasjonen. Det hender at den maskinelle kontrollen ikkje stemmer med røynda. Det kan vera grunna forseinka registreringar, registreringar på teljedato, dødfødsel og liknande.

Ved kontroll kom det fram at ku nr 0328 hadde siste kalving 18.03.2021 og derfor ikkje tilfredsstillar krava om 15mnd kalvingsintervall. Sakshandsamar har tidlegare tatt kontakt med Statsforvaltaren om kalvingsintervallet er absolutt sjølv om ein kan visa til produksjon utover «normal» laktasjonslengde. Men har då fått som tilbakemelding at ei mjølkeku ikkje er ei mjølkeku om ho ikkje har kalva siste 15 mnd(18 mnd for bevaringsverdig storferase) sjølv om ein kan visa til produksjon heile perioden. Dette kravet er avtalt mellom partane i jordbruksoppgjeret og må i so fall endrast av dei.

Sakshandsamar har i søknad vurdert at ei avkorting på tilsvarande det uberettiga tilskot er rimeleg og ikkje avkorta ytterlegare. Ein vurderte at søkar har handla simpelt uaktsamt då det ikkje er mange som veit om dette vilkåret sjølv om det kjem fram i søknadsskjema og søkarveiledning. I ettertid har søknadsskjema oppdatert seg og kjem no fram at den uberettiga utbetalinga hadde komen på 11 850 kr og ikkje 9923 kr som først kom fram og som er lagt inn som avkorting.

Helge Vatshelle meiner avkortinga på nær 10 000 kr er ei urimeleg straff då han meiner at opplysningar i søknadsskjema blei utfyllt i god tru.

